

Musea i Sogn og Fjordane

Til stiftarane av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Vedr. fusjon mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane - uttale frå stiftarane

Bakgrunn

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) vart stifta 14.januar 2009 av Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Nordfjord Folkemuseum v/Nordfjord Sogelag, Sunnfjord Museum v/Sunnfjord Sogelag, Stiftinga De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum, Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane (SKSF) og Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SSFKM). I 2017 fusjonerte MiSF med SSFKM, og SSFKM vart avvikla.

1.september 2018 overdrog Nordfjord Sogelag alle samlingar og bygg ved Nordfjord Folkemuseum til MiSF, og eigarstyret og rådet til Nordfjord folkemuseum la seg sjølv ned frå same dato. Som ein følge av fylkessamanslåinga i 2020 har Vestland fylke overteke ansvaret som medstiftar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dermed er to av MiSF sine stiftarar no avvikla, medan ein stiftar har overdrege sine stiftarrettar og plikter. Såleis er tre av MiSF sine seks opprinnelege stiftarar no borte.

Den 18.juni 2019 gjorde styret i MiSF vedtak om å fusjonere med SKSF. I sitt årsmøte 19.juni 2020 gjorde SKSF tilsvarende vedtak om fusjon med MiSF.

No førebur partane ein formell prosess med søknad om godkjenning av fusjon hos Stiftingstilsynet. I fusjonen vil MiSF vere overtakande stifting.

I samband med dette vil MiSF be dei attverande stiftarane om ein formell uttale om sitt syn på fusjonen.

Nye moment og avklaringar

Styret i SKSF bad hausten 2019 stiftarane om uttale om den planlagte fusjonen. Den gongen var det fleire stiftarar som uttrykte usikkerheit knytt til kva som ville skje med MiSF i samband med fylkessamanslåinga. Det var også uttrykt usikkerheit knytt til den pågåande organisasjonsprosessen i MiSF.

Konsekvensar av fylkessamanslåing

Vestland fylke vart etablert 1.januar 2020. Det er no stadfesta at MiSF er eit av ti konsoliderte museum i Vestland som mottok fylkeskommunal og statleg driftsstøtte. Slik driftsstøtte kan ikkje utdelast til eigarstiftingar, som til dømes SKSF.

Konsekvensar av omorganisering i MiSF

1.november 2020 vart MiSF sin nye organisasjonsmodell implementert. Den medførte at MiSF no er organisert i fire avdelingar:

- Avdeling for forskning og bevaring

- Avdeling for kulturhistorie
- Avdeling for kunst
- Avdeling for økonomi, administrasjon og drift

Denne organiseringa er gjort for å styrke MiSF sitt museumsfaglege arbeid og for å sikre effektiv og fokusert museumsdrift. Omorganiseringa er realisert utan reduksjon i årsverk. Eit grunnleggande premiss for omorganiseringa har vore at drifta av dagens museer i MiSF held fram som før, men det er endra på personalansvar og avdelingstilknytning for tilsette. For besøkande på Kystmuseet og Kystmuseet sine besøksstader vil dette ikkje medføre negative endringar i deira møte med museet og samlingane.

Parallelt med dette har MiSF etablert sikringsplanar for alle bygg, også for Kystmuseet. MiSF har i tillegg etablert samlingsforvaltningsplan og samlingshandbok, i samsvar med ICOM sitt regelverk, for å sikre trygg og god forvaltning av samlingar og bygg.

Framtida for eigarstyra

MiSF kan utanfrå opplevast som ein komplisert organisasjon med mange ledd der ein har juridisk skilje mellom eigarskap og drift. Som følgje av konsolideringa og val av organisasjonsmodell, vart eigarane som før konsolideringa også var drivar av dei einskilde musea og arbeidsgjevar for dei tilsette, redusert til berre å vere juridisk eigar av eksisterande bygningar, samlingar og tekniske anlegg frå og med 14.januar 2009.

Ut over det å vere eigar av samlingar og bygg, er dei einaste oppgåvene styret i SKSF har, av rein formell karakter, å godkjenne årsmelding og rekneskap i stiftinga. Vidare skal styret nemne opp sin representant til rådet i MiSF.

SKSF har i dag såleis berre ei rolle som eigarstifting/eigarstyre opp mot MiSF.

I samband med arbeidet med ny museumsmelding utarbeidde Telemarksforskning, på bestilling frå Kulturdepartementet, rapporten «Museum og samfunn» i 2020. Her er rolla til eigarstyrer¹ drøfta:

«Det er et solid empirisk grunnlag for å konstatere at delingen mellom eierstyrer og driftsstyrer har vært en uheldig konsekvens av museumsreformen som for mange museer har krevd store interne ressurser. I flere rapporter anbefaler forskerne (vagt eller klart) å fase ut de avdelingene/museene som ikke er villige til å gi opp sine eierstyrer.»

Vestland fylke la fram rapporten til Hovudutval for kultur hausten 2020. Ein av deira hovudkonklusjonar på denne var:

«Splitta eigarskap mellom museumsdrift og eigarstiftingar har hindra god samlingsforvaltning»

Det er såleis grunnlag for å tru at eigarstyrene si rolle over tid vil bli tona ned og at dei konsoliderte musea overtek ansvar for og eigarskap til samlingar og bygg frå desse.

MiSF sin motivasjon for å ta over samlingar og bygg frå SKSF

Som konsolidert museum er det MiSF som mottok driftstilskot frå stat, fylke og kommunar for å forvalte og formidle samlingar, bygg og kulturarv. SKSF mottok ikkje slike tilskot. SKSF har heller ingen omløpsmidler, og MiSF dekkjer i dag alle rekningar for SKSF, mellom anna til rekneskapsføring og revisjon av SKSF sin rekneskap.

¹ <https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/3620.pdf>, side 61

MiSF har fagleg kompetente tilsette, planar og rutinar for samlingsforvaltning, SKSF har ingen tilsette og heller ikkje relevant planverk. Like fullt har styret i SKSF eit formelt ansvar ved ulukker eller alvorlege hendingar knytt til gjenstandar og bygg som dei eig. Sjølv om MiSF også har eit ansvar i slike situasjonar *kan* det seiast at SKSF fungerer som eit kompliserande mellomledd. Ein fusjon der MiSF overtek SKSF sine samlingar, bygg og forpliktingar, vil gje klårare linjer, og vil forenkle og styrke arbeidet med samlingsforvaltninga og også frita styret i SKSF for eit betydeleg ansvar.

Uttale frå stiftarane om fusjon

På bakgrunn av dette ber MiSF om at stiftarane tek stilling til om dei vil slutte seg til ein fusjon mellom MiSF og SKFS eller ikkje. Vi ber om at dersom stiftarane ikkje kan slutte seg til fusjonen blir dette grunngjeve.

MiSF ber om at dei attverande stiftarane innan 15.april 2021 sender ei skriftleg tilbakemelding der ein veljer eit av to alternativ:

Alternativ A: Vi sluttar oss til fusjon mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Alternativ B: Vi sluttar oss ikkje til fusjon mellom Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane med følgjande grunngjeving

Sandane, 10.mars 2021



Kjartan Aa Berge
Administrerende direktør
Musea i Sogn og Fjordane